

Vekeplan 9. trinn

Veke 19 og 20

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none">• Reflektera over påverknad av sosiale media• Kjenna igjen språklege verkemiddel og retoriske appellformer• Lesa og skriva skjønnlitterære tekstar
Engelsk	<ul style="list-style-type: none">• Book reading: Animal Farm• Analyse, understand and reflect on reading a book in class• Understand and know the characters in Animal Farm
Matematikk	<ul style="list-style-type: none">• Berekna og vurderer sannsyn i statistikk og spel• Kunna skilnad på utval og hending• Finna antal kombinasjonar til ulike hendingar• Finna sannsynet til ei hending• Finna sannsynet til fleire hendingar
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none">• Gjera greie for årsaker til og konsekvensar av sentrale historiske og notidige konflikhtar og reflektera over om endringar av nokre føresetnader kunne ha hindra konfliktane• Drøfta korleis framstillingar av fortida, hendingar og grupper har påverka og påverkar haldningane og handlingane til folk• Reflektera over korleis menneske har kjempa og kjempar for endringar i samfunnet og samstundes har vore og er påverka av geografiske forhold og historisk kontekst• Gjera greie for årsaker til og konsekvensar av terrorhandlingar og folkemord, som holocaust, og reflektere over korleis ekstreme haldningar og ekstreme handlingar kan førebyggjast
KRLE	<ul style="list-style-type: none">• Utforska og presentera sentrale trekk ved islam og kvar religionen er utbreidd• Samanlikna og vurderer kritisk ulike kjelder til kunnskap om islam.• Kunna ta andre sitt perspektiv og handtera usemjer. Få innsikt i korleis islam inngår i historiske prosessar og heng saman med samfunnsendringar.• Reflektera over korleis det er å høyra til i ein stor og samansett minoritet i Noreg• Reflektera over spørsmål som er knytt til det å veksa opp og leva i eit mangfaldig og globalt samfunn
Naturfag	<ul style="list-style-type: none">• Skriva om korleis nokre rusmiddel, dopingmiddel og legemiddel påverkar signalsystem• Forklara kvifor misbruk av rusmiddel, legemiddel og dopingmiddel kan få negative konsekvensar• Vurdera og bruka ulike kjelder for informasjon om rusmiddel, dopingmiddel og legemiddel, og presentere informasjonen
Spansk	<ul style="list-style-type: none">• Oppsummering av skuleåret: Repetisjon av fortid og framtidsbøyingar• Arbeida med bindeord og å trekkja teksten saman• Førebu deg til munnleg presentasjon
Tysk	<ul style="list-style-type: none">• Kunna snakka om daglegdagse situasjonar og aktivitetar• Kunna uttrykka meiningar spontant
Kroppsøving	Basketball: <ul style="list-style-type: none">• Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar

	<ul style="list-style-type: none"> Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar. <p>Innsats:</p> <ul style="list-style-type: none"> Praktisera innsats ved å bruka egne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre
M&H	<ul style="list-style-type: none"> Planleggja og bruka eigna reiskap, teknikkar og matlagingsmetodar til å laga trygg og berekraftig mat som gir grunnlag for god helse Utforska klimaavtrykket til matvarer og gjera greie for korleis matval og matforbruk kan påverka miljøet, klimaet og matsikkerheita laga mat frå norsk og samisk kultur og frå andre kulturar og samanlikne og utforske råvarer og matlagingsmetodar som blir brukte i ulike matkulturar Drøfta korleis kosthald kan bidra til god helse, og bruka digitale ressursar til å vurdera eige kosthald og til å velja sunne og varierte matvarer i samband med matlaging
Musikk	<ul style="list-style-type: none"> Kjenna til og igjen ulike musikksgangrar
Kantine	<ul style="list-style-type: none"> Vita kva vurderingskriteria for faget er Planleggja dei praktiske øktene Laga god og ernæringsriktig mat Halda god hygiene Jobba med rekneskap og plakatdesign Gjennomføra sal <p>Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøker</p>
Fysisk aktivitet	<ul style="list-style-type: none"> Vera ein god lagspelar og gjera kvarandre gode Kunna oppmuntra, inkludera og samarbeida godt med alle
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> Kunna ferdast i naturen på ein trygg og sporlaus måte
Design/redesign	<ul style="list-style-type: none"> Utarbeida idear og løysingsalternativ og vidareutvikla dei til eigne produkt Kunna bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å utforma produkt i ulike material
Innsats for andre	<ul style="list-style-type: none"> Planleggja og utvikla sosiale tiltak som bidreg til eit inkluderande samfunn Følgja etiske retningslinjer og tilpassa kommunikasjonen til ulike målgruppe
Olweus	<ul style="list-style-type: none"> Inkludera elevar på overnattingsturen! Gjera turen kjekk for alle elevane på trinnet!

INFORMASJON TIL HEIMEN

Utdanningsval veke 19

Me er i full gang med utdanningsval. Elevane er ute i arbeidspraksis eller er på idrettsprosjekt. I tillegg er det hospitering på vidaregåande skule. På måndag skal BA, TIF og SF på bussturar for å besøka bedrifter eller universitetet. Onsdag er dei fleste elevane tilbake på skulen, men ei gruppe på TIF skal til Bryne vgs på hospitering.

Overnattingsturen

Me er veldig takknemlege for all hjelp me har fått med låning av telt og køyring til/frå Brekko. Me gler oss masse, og er i full gang med planlegginga! På turen skal me gå ein topptur eller ein litt kortare tur. Det vil og vera mogleg å padla i kano og å bada i vatnet! Det vil koma eit eige infoskriv med pakkeliste. Fint om elevane pakkar sjølv, slik dei veit kva dei har med seg, men at føresette er med og hjelper til.

Kristi himmelfart

Torsdag 14. mai er Kristi himmelfartsdag og ein fridag. 15. mai er inneklemd dag og elevane får då også fri. Nyt langhelga!

17. mai

17. mai fell i år på ein søndag i ei langhelg, men me håper likevel å sjå alle elevane i toget! Møt opp på Bryne stadion kl 09.15 i finstasen med godt humør og flagg i handa!

Tinestafetten 6. mai

Onsdag 6.mai blir Tinestafetten arrangert på Lye stadion. Dei elevane som vil vera med på stafetten er påmelde på fleire lag. Me syklar samla opp til skulen. Ha på treningsklede før du kjem til skulen. Du får utdelt t-skjorte og startnummer i kantina før me syklar opp. Ta med matpakke og drikke.

For dei som ikkje skal springa stafetten, vil det bli arrangert Tinestafett-løpet for alle elevane i 5.-6. time på skulen. Ha på treningsklede før du kjem på skulen. På dette løpet kan du springa fort, jogga eller gå. Det vil vera ulike lengder på løypene.

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Norsk	Presentasjon	Munnleg vurdering	Veke 19
KRLE	9B: Fagsamtale om islam	Munnleg med karakter	Tysdag veke 20

HEIMEARBEID VEKE 19

Norsk	Førebu deg til presentasjon av influensaroppgåva. Les 2 gonger 20 minutt i boka di
Engelsk	Les til og med s. 27 i Animal Farm. Boka finn du på ON. Spør faglærer hvis ikkje.
Matematikk	Gjer oppgåve 4.17, 4.22 og 4.26
KRLE	9B: Bruk målarkost og førebude deg til fagsamtale om islam
Samfunnsfag	Sjå på kva me har hatt om i emnet om andre verdskrig og repeter.
Naturfag	Velg eit dopingmiddel og utdyp om ønska verknad, biverknader og kven som er/kan vere potensielle brukarar av dopingmiddelet.
Kroppsøving	Basketball: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera inne.

Musikk	Lytt aktivt! Øv på å skilja ulike musikksgangrar frå kvarandre når du lyttar til musikk.
M&H	Praktisk prøve på kjøkken
Kantine	Anne Marie si gruppe møter på kjøkken. Hugs innesko, hårstrikk, iPad og forkle. Vegard si gruppe møter i 9A sitt klasserom. Hugs iPad
Fysisk aktivitet	
Friluftsliv	
Innsats for andre	Møt i 9D sitt klasserom.

VEKE 20:

Måndag: vanleg dag

Tysdag: vanleg skuledag til kl 10.45 + reisa på overnattingstur kl 12.00

Onsdag: overnattingstur. Kjem heim ca kl 11. Avspasering resten av dagen

Torsdag: FRI (Kristi Himmelfartsdag)

Fredag: FRI

Ingen lekser i denne veka